

1.(Solo:) **Ein fin dag i mars** såg eg snøklokka stå med bjeller så kvite og fine.
(Alle:) Då tenkte eg, då trudde eg at no var det vår, og kasta bort dei gamle skia mine.

Men vinteren, ja vinteren, den kalde kvite vinteren, var enno like kald.

2. (Solo:) Ein fin dag i april såg eg seljetre stå med gåsungar mjuke og fine.
(Alle:) Då tenkte eg, då trudde eg at no var det vår og kasta av dei varme kleda mine.

Men vinteren, ja vinteren, den kalde kvite vinteren var enno like kald.

Bru: Nanana.....

3. (Solo:) Ein fin dag i mai såg eg løvetann stå med gullkroner lyse og fine.
(Alle:) Då tenkte eg, då trudde eg at no var det vår og kasta alle sorgene mine.

For vinteren, ja, vinteren, den kalde kvite vinteren var ikkje meir å sjå.

Bru: Nanana.....

For vinteren, ja vinteren, den kalde kvite vinteren var ikkje meir å sjå.

For vinteren, ja vinteren, den kalde kvite vinteren var ikkje meir å sjå.